

Eksamen

25.05.2021

AKT2001 Aktiviseringsfag

Programområde: Aktivitør

LK06

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Informasjon om vurderinga	Dette blir vektlagt ved vurdering: <ul style="list-style-type: none">• du har svart på alle spørsmåla• grunngjevingar og refleksjonar rundt vala dine• spesielle tilretteleggingar til brukarane• relevante mål for kvar av aktivitetane• drøfting av samanhengar med grunngivingar og refleksjonar
Andre opplysningar	Når du løyser oppgåvene, må du beskrive dei vala du tek, og gi ei grunngiving. Kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen viser du ved å: <ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff, og grunngi synspunkta og forslaga dine til løysing på oppgåva• trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva• gjere greie for resultata/konsekvensane av dei faglege vala dine• meistre relevante grunnleggande ferdigheiter• bruke eksempel der det er relevant• bruke fagterminologi på ein formålstenleg og etterretteleg måte

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgåveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

Lykke till!

Oppgave 1

Du er tilsett som aktivitør ved ein treffstad for personar med psykiske lidingar. Senteret ligg tett ved marka, og du har fått i oppdrag å planlegge og legge til rette for ein friluftstur / ei dagsutflukt med minst ein aktivitet for brukarane undervegs. Det er 10 brukarar i alderen 20–40 år ved senteret. Dei fleste brukarane lir av angst og/eller depresjon. Ein brukar har diagnosen posttraumatisk stresslidning (PTSD) som følge av traume i barndommen, og ein brukar har ei tvangsliding (OCD)

- a) Beskriv korleis turen skal gjennomførast med bakgrunn i brukarane sine ulike føresetnader.
- b) Grunngi valet ditt av aktivitet(ar) undervegs.
- c) Gi eksempel på utstyr/verktøy som kan brukast på turen, og forklar fordelar og ulemper ved dette utstyret/verktøyet.
- d) Forklar korleis du motiverer brukarane til å delta på turen og aktiviteten/aktivitetane.
- e) Ein av brukarane snublar og får eit blødande skrubbsår på kneet. Korleis handterer du dette?

Oppgave 2

Drøft korleis motiveringa og rettleiinga di kan gi auka meistringsfølelse hos brukarar med psykiske lidingar.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem. Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.
Informasjon om vurderingen	Dette blir vektlagt i vurderingen: <ul style="list-style-type: none">• alle spørsmål er besvart• begrunnelser og refleksjoner rundt dine valg• spesielle tilrettelegginger for brukerne• relevante mål for hver av aktivitetene• drøfting av sammenhenger med begrunnelser og refleksjon
Andre opplysninger	Når du løser oppgavene, må du beskrive de valgene du tar, og gi en begrunnelse. Din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene viser du ved å <ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff, og begrunne dine synspunkter og forslag til løsning på oppgaven• trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger• gjøre rede for resultatene/konsekvensene av dine faglige valg• mestre relevante grunnleggende ferdigheter• bruke eksempler der det er relevant• bruke fagterminologi på en hensiktsmessig og etterrettelig måte

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt dersom du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

Lykke til!

Oppgave 1


Du er ansatt som aktivitør ved et treffsted for personer med psykiske lidelser. Senteret ligger tett ved marka, og du har fått i oppdrag å planlegge og tilrettelegge en friluftstur/ dagsutflukt med minst en aktivitet for brukerne underveis.

Det er 10 brukere i alderen 20–40 år ved senteret. De fleste brukerne lider av angst og/eller depresjon. En bruker har diagnosen posttraumatisk stresslidelse (PTSD) som følge av traume i barndommen, og en bruker har en tvangslidelse (OCD).

- a) Beskriv hvordan turen skal gjennomføres med bakgrunn i brukernes ulike forutsetninger.
- b) Begrunn ditt valg av aktivitet(er) undervegs.
- c) Gi eksempel på utstyr/verktøy som kan brukes på turen, og forklar fordeler og ulemper ved dette utstyret/verktøyet.
- d) Forklar hvordan du motiverer brukerne til å delta på turen og aktiviteten(e).
- e) En av brukerne snubler og får et blødende skrubbsår på kneet. Hvordan forholder du deg til dette?

Oppgave 2

Drøft hvordan din motivering og veiledning kan gi økt mestringsfølelse hos brukere med psykiske lidelser.



www.vigoiks.no/eksamen